



## Notat

### Bakgrunn

Onsdag 25 mars var Kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring til gnr49 bnr1, Lynghaugen, på Io i Meland kommune. Bakgrunnen for synfaringa var at det skulle gjerast ei vurdering av tilstand og kulturminneverdi på løa til Bjørn Erling Waage.

### Beskriving

Løa vart bygd 1902 og påbygd i 1946. Det året vart det og bygd silo. Løa, som er i tre etasjar, har sal og valmtak tekt med eternit, men med bølgjeblekk over køyrebru og silo. Taket er konstruert med sperretak med stol. Det er liggande kledning på veggane. 1 etg og gjødselkjellar er i betong og stein og floren i 2.etg er mura i tegl. I andre etasje, i løa, er det ope heilt i taket i den vestre delen. Mot aust, i 1/3 del av lengda på løa er det tre etasjar. Det er køyrebru inn til 3. etg.

### Tilstand

Eternittaket tek til å bli därleg og det er lekkasje fleire stadar. Kledninga på veggana tek og til å få råteskader her og der og bør skiftast på sikt. Jernvindauge i floren må og reparerast. I tillegg treng floren maling/pussing. Golvet i løa er og därleg; dvs det har råte og mitskadar.

### Tiltak

Eigaren hadde fått råd frå byggmeister om å legge nytt bølgjeblekktak oppå eternittaket. Eit slikt tiltak er økonomisk og ein treng ikkje fjerne eternit. Golvet i løa kan best takast vare på om ein legg eit varegolv oppå det gamle. Vindauga let seg gjere å reparere. Om eigaren treng råd om istandsetting av jarnvindauge kan han ta kontakt med Museumssenteret i Hordaland.

### Konklusjon

Løer av denne type og alder er svært godt representert i bygdene i Nordhordland og elles i landet. Det er likevel ikkje mange av desse løene som er i bruk lenger. Dermed forsvinn dei litt etter litt desse og. Det at det her er planar for bruk og at det samstundes er moderate tiltak og midlar som skal til for å sette den i stand gjer at Kulturverntenesta i Nordhordland vil tilrå å støtte det ovanfor beskrivne tiltaket på løa på Io.

Arild Sætre

Sivilarkitekt

Kulturverntenesta i Nordhordland

Salhusvegen 201

Telefon: 55 25 10 80

5107 Salhus

Org. nr.: 971 349 743

[post@muho.no](mailto:post@muho.no)  
[www.muho.no](http://www.muho.no)

Konto nr.: 3625.19.69684

... ei stemme til tida...